

KS veit best – men for kven?

Barnets beste skal vere eit styrande omsyn, og ikkje ei symbolsk formulering i eit vedtak som verkar å vere allereie bestemt.

I opplæringsmateriale om økonomistyring for kommunestyrerepresentantar viser KS til ei nettsak frå KS Advokatene, der det blir hevda at kommunar har stort handlingsrom i strukturelle saker – som skulenedleggingar – så lenge barnets beste er vurdert og dokumentert i saksframstillinga. Det blir vist til Høgsteretts NOAS-dom frå 2015, der retten godtok at barnets beste kunne reknast som vurdert sjølv om det ikkje var uttrykkeleg nemnt i vedtaket.

Men denne dommen gjaldt utvisning i ein utlendingsrettsleg kontekst, ikkje strukturendringar i barnehagar og skular. Å bruke den som norm for kommunal planlegging og budsjettdrivne tenestomleggingar er ei rettsleg overføring med svakt fundament, og representerer snarare ei politisk tolking enn ei juridisk forplikting.

KS-advokatane reduserer i praksis barnets beste til eit prosessuelt krav der det held å vise at det er vurdert, ikkje nødvendigvis at det er tillagt vekt eller fått reell innverknad. Ei slik tilnærming opnar for vedtak som ser korrekte ut på papiret, men som i realiteten ikkje tek omsyn til korleis avgjerda rammar innbyggjarane.

Misvisande

Dei viser òg til Sivilombodet si sak SOMB 2024/5590, men utan å ta inn over seg innhaldet i saka. I Digermulen-saka hadde kommunen ikkje gjort ei reell vurdering av barnets beste. Sentrale moment, som avstand eller reiseveg, blei ikkje vurdert opp mot barnets tryggleik, tilhøyrslø og utvikling. Når slike forhold blir oversett til fordel for personalressursar og økonomi, er det ikkje i tråd med Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen artikkel 3 nr. 1. Sivilombodet understrekar også i avsnitt 33 at barnets beste ikkje berre skal nemnast, men vurderast og vektleggjast som eit grunnleggjande omsyn.

Grunnlova og barnekonvensjonen gir barn eit sjølvstendig rettsvern og pålegg forvaltninga å vurdere barnets beste som eit grunnleggjande hensyn. Det krev ei vurdering som er reell og konkret, basert på barnet sin faktiske situasjon og ikkje på kommunen sine økonomiske rammer eller driftsbehov. Det handlar om kva avgjerda faktisk betyr for kvardagen, relasjonane og utviklinga til barnet, ikkje om kva som er mest praktisk for kommunen å gjennomføre.

Å la strukturelle omsyn overstyre dette rettslege kravet, flyttar vekta frå barnets rettar til forvaltningas komfort. Barnets beste skal vere eit styrande hensyn, og ikkje ei symbolsk formulering i eit vedtak som verkar å vere allereie bestemt.

«Heilskapleg vurdering»

Skulenedleggingar blir ofte presenterte som tiltak for både innsparing og kvalitetsheving. Likevel har ein i liten grad greidd å dokumentere at slike grep fører til økonomiske armslag

som betrar undervisning eller styrker læringsmiljøet. Kanskje på papiret – men kvar er dei kvantifiserbare og reelle bevisa for auka kvalitet, anna enn i ei økonomioversikt? Pengane fyl borna, og *dei* blir ikkje rimelegare av å samlast i sentraliserte einingar.

Å setje til sides barnas beste for ein såkalla «samla kvalitet» eller «heilheitleg økonomisk vurdering» er ikkje ei heilskapleg *drøfting*, slik Sivilombudet peikar på. Det er eit økonomisk kutt. Når KS-advokatane i tillegg skriv at «et vedtak er ikke ulovlig eller ugyldig bare fordi barnets beste-vurderingen ikke er synliggjort», gir det inntrykk av at ei implisitt og overflatisk vurdering er godt nok. Men skal barnets beste vere med i det heile som eit grunnleggjande omsyn, må det vurderast med innhald og tyngde, ikkje berre nemnast i marginen.

Dette blir berre fine ord utan reelt innhald. Ei berekraftig kommune må byggje på og drøfte faglege og barnesentrerte vurderingar – ikkje på minimale, utvalde prosedyrar og juridiske tolkingar som pressar innbyggjarane sine rettar til side.

Det er ikkje barnas beste som kjem i vegen for gode vedtak. Det er kommunal nytale og kuttkamouflasjar som kjem i vegen for barnas rettar.

1. KS Advokatene. (2025, 19. mai). *Hva betyr det at barnets beste skal være et grunnleggende hensyn?* <https://www.ks.no/ks-advokatene/nyheter/hva-betyr-det-at-barnets-beste-skal-vare-et-grunnleggende-hensyn/>
2. Høgsterett. (2015). *Rt. 2015 s. 1388* (NOAS-dommen).
3. Sivilombudet. (2025, 10. januar). *SOMB 2024/5590 – Vågan kommune*. <https://www.sivilombudet.no/uttalelser/barnets-beste-og-barnehagestruktur-vagan-2024-5590/>
4. FNs barnekomité. (2013). *General Comment No. 14 on the right of the child to have his or her best interests taken as a primary consideration (art. 3, para. 1)*. CRC/C/GC/14.

Pravin Selva er masterstudent i rettsvitenskap, UiB og kommunestyrerepresentant saman med Kristian Fuglseth, som er førstelektor ved Avdeling for mediefag, Høgskulen i Volda